Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
14.11.2023	2023/5403
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda NFR

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møtebok 19-20. april 2023 Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Stad: Dr. Holms hotell, Geilo
Dato: 19 -20. april 2023

Frammøte frå nemnda: Runar Tufto, Olav J. Bøtun, Per-Are Halstensgard, Terje Terum, Olav Grøttebø (vara Lærdal), Morten Samskott, Ragnhild Kvernberg, Ola Dusegard Kristensen (vara Ål).

Forfall: Petter Sortland, Caroline Myster, Linda Neset.

Sekretariat:
Hermund Mjelstad – Statsforvaltaren

Andre:
Knut Arne Gurigard – Koordinator reetablering
Sigurd Vikesland – Nordfjella villreinutval, leiar

Sakliste

1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Merknad:
Nemnda ønskjer tilsendt relevant informasjon til møta og liste over saker/årsmelding.

Vedtak:
Innkalling og sakliste vart godkjent med merknad.

2/23 Val av møteleiar

Vedtak:

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Villreinnemnda leiar: Runar Tufto, 3576 Hol, Tlf. 90177702, E-post: rtufto@gmail.com
Sakshandsamar: Hermund Mjelstad, Tlf. 57643124, fmsfhm@statsforvalteren.no

Runar Tufto vart vald som møteleiar.

3/23 Årsmelding 2022

Vedtak:
Nemnda ønskjer ei enkel årsmelding/oversikt over handsama saker gjennom året. Bruke aktivt utlegging av informasjon på villrein.no.

4/23 Økonomirapport 2022 og budsjett 2023

Merknad:
Nemnda ønskjer å støtte bokprosjektet om villreinforvaltning i Nordfjella med tilsegn om kjøp av 30 bøker, utgift om lag 15.000 kroner. Det er ønskjeleg at alle medlemar og varamedlemar får ei bok kvar. Utgift blir ført på ny post, «bokprosjekt».

Vedtak:
Nemnda tek økonomirapport og budsjett, med endringa, til etterretning.

Konto (T)	Budsjett 2023
Styrer, råd og utval	185000
Honorar	15000
Arbeidsgjevaravgift	10000
Kjøp av andre fremmede tenester	40000
Sekretariat	175000
Annonser	10000
Møter eksterne	40000
Reisekostnad	60000
Medlemskontingent	5000
Bokprosjekt	15000
Sum	**550000**

5/23 Orienteringssaker

- **Status for Fjellheimen villreinområde**
- **Status på granskingssaken/ekstraordinært uttak av rein**
- **Bokprosjektet villreinforvaltning i Nordfjella, sjå sak 4/23**

6/23 Møteplan 2023/24

- **Haustmøte 24. oktober i Flåm**
- **Vårmøte/kvotemøte 17-18. april 2024 i Flåm**

7/23 Fellingskvote for Raudafjell villreinområde

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 7 dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2023. Kvoten blir tildelt som 7 bukkeløyve, 2,5 år og eldre.

8/23 Fellingskvote for Nordfjella villreinområde

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 80 dyr til Nordfjella villreinområde (sone 2) for jaktåret 2023. Kvoten blir fordelt som bukk 1 ½ år og eldre, og kalv av begge kjønn kan fellast på desse.

Tillegg:
Nemnda oppmodar utvalet om å vurdere lengda på jakttida, og avslutte jakta 13, september. Grunngjevinga er dyrevelferd og mindre fare for felling av kalv på bukkeløyve. Kvoten blir tildelt som frie løyve, under føresetnad av at det blir felt bukk 1 ½ år og eldre.

9/23 Fellingskvote for Fjellheimen villreinområde

Vedtak:
Med heimel i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda at det ikkje blir tildelt fellingsløyve i Fjellheimen villreinområde for 2023.

10/23 Eventuelt

Innlegg:

-Orientering om tiltaksplanarbeidet for Nordfjella ved ansvarleg/Alf Erik Røyrvik, Statsforvaltaren i Vestland.

-Orientering om «ordførarkollegiet» og reetablering av rein i sone 1 ved koordinator for reetableringsprosjektet Knut Arne Gurigard.

-Innlegg frå MIMIR ved Torill Olsson om prosjektet «Mennesket og reinen».

Andre saker:

-Utarbeide ein sak om uttrekk av teljande villreinareal.

-Utarbeide sak om sti og løyper i Hol kommune angåande revidering av arealplan.

-Etterlyse rapport frå Statens naturoppsyn om GPS merkinga i vinter i Nordfjella og Raudafjell.

-Be Klima- og miljødepartementet om skriftleg svar på brev frå nemnda om gransking.

-Purre på Landbruks- og matdepartementet om møte angåande reetablering.

-Organisere felles initiativ for reetablering med ordførarane i Nordfjella.

Ymse:
Villreinnemnda er skeptisk til bruk av helikopter for utflyging av kjøt under jakta. Det må vere eit mål å avgrense motorferdsla i villreinområda mest mogleg.

Møteteknisk:
Førebuing til møte: 3 timar
Møte 19. april: 5,5 timar
Møte 20. april: 3 timar

Med helsing

Runar Tufto
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Adresseliste